

**Høyringsinnspel frå 2010 – kullet frå Lesjaskog til saka om offentleg
grunnskuletilbod i Lesja kommune.**

Vi som er 10.klassingar frå det som tidlegare var Lesjaskog skule 1. – 10., støtter nedlegginga av den offentlege skulen på Lesjaskog, slik at Fjellnær Friskule for 1. – 10. klasse, kan starte opp frå august 2026.

Vi meiner det er heilt nødvendig å ha ein skule på Lesjaskog som dekkjer heile grunnskuleløpet.

Det er barns beste å få gå på ein nærskule med kort reiseveg heile grunnskulen. Vi har snart fullført eit skuleår med alt for mykje bussing, fleire av oss med over 8 mil for dagen på buss.

Vi ynskjer eit stabilt tilbod med barnehage og skule frå 0 – 16 år på Lesjaskog, slik at vi kan ha ein reell moglegheit til å vende tilbake hit og etablere oss her i framtida, viss vi ynskjer det.

Helsing alle 7 elevar frå Lesjaskog i 2010 – kullet/10.klasse.